

12. DESEMBER 2018



STRATEGI FOR SAMFUNNSANSVAR OG BEREKRAFT SPAREBANK 1 SØRE SUNNMØRE

STRATEGI 2019-2021

VEDTATT I STYRET 1.2.2019

VERONICA KVALEN PILSKOG
SPAREBANK 1 SØRE SUNNMØRE

1 Bakgrunn og hensikt

Samfunnsansvar og berekraft skal vere ein integrert del av verksemda til SpareBank 1 Søre Sunnmøre. Ved å bruke den samla kunnskapen og ressursar i banken skal ein bidra til ei berekraftig utvikling både økonomisk, sosialt og miljømessig.

Strategien skal leggast til grunn for strategiske avgjersler og dagleg arbeid, og må sjåast i samanheng med andre interne styrande dokument.

2 Prinsipp

2.1 Ansvar

Sjølv om SpareBank 1 Søre Sunnmøre har eit lokalt fokus, må banken ta globale omsyn i all si verksemd. Banken sitt arbeid med samfunnsansvar bygg på Finans Norge sine anbefalingar og internasjonalt anerkjente prinsipp, her under dei ti prinsippa i FNs Global Compact.

Ein skal ta omsyn til miljø, klima, etikk og sosiale forhold i heile banken si verksemd. Banken skal ikkje medverke til krenking av menneske- og arbeidstakarrettar, korrupsjon, alvorleg miljøskade eller andre handlingar som kan oppfattast som uetiske. Dette gjeld både i forholdet til kundar og leverandørar. Ansvaret omfattar også produkt og tenester, rådgjeving og sal, investerings- og kredittavgjersler, marknadsføring, innkjøp, eigarstyring og selskapsleiing. I tillegg gjeld samfunnsansvaret internt arbeid med HMS, etikk og miljøeffektivitet.

Forplikting 1: God verksemdsstyring

Banken skal:

- kjenneteiknast av høg etisk standard, god eigarstyring og selskapsleiing.
- ha nulltoleranse for korrupsjon.
- ha ein open, ærleg og tydeleg kommunikasjon til alle interessentar.
- vere ein aktiv og lyttande samfunnsaktør som sørgjer for å ha

forsvarlege prosessar for handtering av klager.

- halde orden i eige hus og sørgjer for å opptre etisk i alle handlingar.

2.3 Forplikting 2: Ansvarlege investeringar

Banken skal:

- ha retningslinjer som bidreg til ansvarlege investeringar på banken si eiga portefølje.
- aktivt bidra til å påverke deleigde selskap til å sikre berekraftige investeringar.
- stille krav til tredjepartsleverandørar av fond og kapital-/pensjonsforsikring om at dei følgjer internasjonalt anerkjende prinsipp for berekraft i sine investeringar og kan dokumentere oppfølging og kontroll.
- aktivt føre påtrykk ovanfor tredjepartsleverandørar slik at dei respektive leverandørane vurderer eksklusjon av selskap som bryt banken og leverandørane sine prinsipp for samfunnsansvar.
- ha dialog med eigne kundar i samband med kredittgjeving, slik at dei i si verksemd ikkje skadar miljøet, bryt menneskerettar, bidreg til korrupsjon eller på annan måte bryt internasjonalt anerkjende prinsipp for berekraft og samfunnsansvar.

2.4 Forplikting 3: Ta sosialt ansvar

Banken skal:

- respekterer internasjonale menneskerettar og ikkje medverkar til brot på desse.
- støtte samfunnsnyttige formål og sikre viktige samfunnsverdiar der banken opererer.
- etterstrebe mangfald blant banken sine medarbeidarar og sikre at vi ikkje har diskriminering på basis av eksempelvis etnisk bakgrunn, religion, seksuell legning, funksjonsevne, alder eller kjønn.

- ha eit arbeidsmiljø som er prega av mangfald, respekt og omtanke, der diskriminering og trakassering ikkje vert tolerert.

2.5 Forplikting 4: Miljø- og klimaomsyn

Banken skal:

- arbeide kontinuerleg med miljøeffektivitet ved å blant anna ta i bruk miljøvenleg teknologi og løysingar.
- redusere eigne klimagassutslepp.
- arbeide for å minimere den indirekte belastninga på miljøet.

2.6 Forplikting 5: Stille krav til leverandørar, kundar og samarbeidspartnarar

Banken skal:

- stille tydelege krav til, ha dialog med og følge opp selskap vi investerer direkte i.
- stille tydelege krav til, ha dialog med og følge opp leverandørar.
- ha klare retningslinjer for samfunnsansvar i vår kredittverksemd.
- konsekvent bruke leverandørreklæringar.

2.7 Forplikting 6: Bidra til samfunnsutvikling

Banken skal:

- gjennomføre ansvarleg kredittgjeving til næringsutvikling og bustad.
- styrke kunnskapen om privat- og marknadsøkonomi blant banken sine kundar.
- bidra med innsikt om den generelle samfunnsutviklinga og næringslivet si utvikling i banken sine marknadsområder.
- vere eit forbilde på berekraft og samfunnsansvar i regionen.
- sponse/yte gåve til idrett, kultur og andre samfunnsyttige formål.

3 Ansvar og organisering

«Strategi for samfunnsansvar og berekraft» skal avgjerast i styret, og bli forankra og revidert i tråd med overordna strategi og aktuelle strategiske styringsdokument.

Banksjef Forretningsutvikling har ansvar for å forvalte og vedlikehalde strategien.

For å sikre etterleving av strategien i praksis, skal ein sørge for at prinsipp, mål og tiltak er kjent i heile organisasjonen og systematisk følgd opp.

Banken sine forretnings- og støtteområder er ansvarlege for den daglege utøvinga av samfunnsansvar i høve til gjeldande strategi og handlingsplanar.

4 Rapportering

Banken sine aktivitetar og arbeid med samfunnsansvar og berekraft skal rapporterast i eit årleg samfunnsrekneskap, klimarekneskap og berekraftrapport som ein del av banken sin årsrapport.

Det skal etablerast eit overordna og tverrfagleg etisk utval i banken som skal møtast minst ein gong årleg og elles ved behov. Mandatet til utvalet skal vere å avgjere enkeltsaker samt avklare prinsipielle saker knytt til samfunnsansvar og ansvarlege investeringar i banken si verksemd.

Årlege mål og tiltak vert utarbeidde med tanke på kontinuerleg forbetring på området.

Frå 2019 vil banken formelt slutte seg til dei internasjonalt anerkjende prinsippa for samfunnsansvar i FNs Global Compact. Dette er største initiativet i verda for næringslivet sitt samfunnsansvar. Ved å signere Global Compact sluttar banken seg til FNs ti prinsipp om menneske- og arbeidstakarrettar, miljø og antikorrupsjon.